

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 2

Arna Februar 1970

3. årgang

Om fasta

Ein gong kom lærersveinane åt Johannes til han og sa: «Kvífor fastar me og farisearane, men dine lærersveinar gjer det ikkje?

Jesus svara: «Kan då brudlaupsgjestene vera sorgsame sålenge brudgomen er hjå dei? Men det kjem dagar då brudgomen vert teken ifrå dei, då skal dei fasta.

Ingan bøter ein gammal sunddriven klædnad med ny og sterkt bot, for boti riv klædnaden ennå meir sund og riftene vert større.

Ikkje fyller ein heller ny, gjærande vin på gamle møyre skinnsekker. For då rivnar sekkene, og vinen renn ut og sekkene vert øydelagde. Nei, ny vin fyller dei i nye, sterke skinnsekker. Og då held dei seg både. Mt.ev. 9,14-17.

Det har etter kvart vorte mange som på denne måten gjerne vil få oss til å stansa opp, vekkja oss, så vi kan sjå vårt medansvar i alt det vonde og verta viljuge til å yta vårt så alt kan verta betre. Vi må nekta å godta krigen som eit akseptabelt middel, vi må vera viljuge til å gi avkall på noko av vår velstand til beste for andre.

Dei kristne har også blanda seg i koret, litt etter dei andre som vanleg. Frå dei siste månader kjenner vi slagord som: Ny jul, alternativ jul og ung bot. Jau, det kan visst vera grunn til å gjera bot og til å forandre både på det eine og det andre. Altfor mykje har vi teke imot velsigningar og frimodig nikka til i full visse om at det var så fortent så fortent. Vi har då streva for det alt saman. Og eig vi først vissa om dette, kan vi gjerne med nådig hand dela litt ut til den som treng.

Det ser også ut for at apellen til ansvar har gjort si gjerning, og det skal vi gleda oss over. Vi har fått ei ansvarsvekking, hjelpe strøymer inn frå alle kantar som aldri før. På denne måten kan vi sjå tilbake på eit godt år, og det skal vi gleda oss over. Skal vi så også gleda oss over at folk har teke til å gjera bot og ta alle offer som eit teikn på det?

Eg og mange med meg er litt i tvil om kor djupt alt dette stikk, om kor gjennomgripande denne vekkinga er. For å setja

Nyttårsnattpreik i Arna kyrkje 1969

— Ingvard Hageberg —

«Sult, nød og krig har preget året 1969». Slik lyder ei avisoverskrift frå ein av dei siste dagane. Nei, det er ikkje til å komma frå, alt er ikkje som det skal vera kring i verda og heller ikkje hos oss. Det er ikkje så rart om ungdomar protesterar, lagar plakatar og går i tog.

folk på prøve kunne vi kanskje lansera eit nytt slagord med eit nytt program og setja igang «kampanje nytt år.» Ein del ville nok då falla av lasset og synast at det vart nok, men eg trur også at vi skulle få sjå store resultat. Men kunne vi ta det som eit uttrykk for ei sann bot?

Nei, vi har ingen garanti for at det har noko med bot å gjera i det heile. Vi er vel aldri i ferd med å skapa nye avlats- og botsinstitusjonar i vårt folk i form av humanitære hjelptiltak? Gyldig avlatsbrev har du i ein liten blå lapp med poststempel på, eit synleg prov på bot, om det ikkje nett fortel kor lang tid avlaten gjeld.

Ut frå alt det eg har lese og sett framfor denne jula er eg vorten alvorleg redd for at vi held på å få den katolske bot inn bakvegen. For katolsk er det når ein ropar til bot ved å appellera til gode gjerningar. Vi gjer vel i å hugsa på at reformasjonen tok til med ein kraftig protest mot nett denne form for bot ut frå ei ny forståing av evangeliet. Vi gjer ille om vi let hammarslaga frå Wittenberg drukna i ropet frå alle som har bruk for oss. «Når Herren Jesus seier: gjer bot, så ville han at heile livet skulle vera bot.»

Eg er samd med dei som ropar oss til bot — vi treng visseleg det meir enn nokon gong. Alle desse ytre syrgjelege ting som vi ser tilbake på ved årsskiftet er visseleg med på å understreka det. Men dersom vi berre let det minna oss om at vi har gjort forlite, vert det inga rett evangelisk bot. Vi må koma dit at vi vedgår at vi ikkje kan gjera det vi skulle, men det er ikkje nok. Vi må også få sjå at vi for dette står skuldige for Gud, den heilage domar. Og denne skuld kan vi ikkje bøta. *Det er heilt urådd å gjera bot i den meining at vi skal kunna gjera noko godt.*

Bot er ikkje noko vi kan gjera eller framkalla hos oss sjølv. Det skjer åleine ved

Guds ord. Denne bot tek til med at du stiller deg inn under ordet og tek det til deg, og ved at Den heilage Ande får gjera det levande for deg. Først når du er knust av ordet og har fått sjå at du ikkje er i stand til å bøta det du er skuldig å bøta, er det grunnlag for bot. Den eigentlege bot i evangelisk meining skjer ved at Kristus får bøta, for berre han kan det, at han får reisa deg oppatt. Og den han reiser oppatt, vil han reisa oppatt til eit nytt liv. Og då kan det nok henda at du møter utfordring som ikkje er mindre enn den idealistiske ungdomar stiller oss overfar.

Så møter han oss i kveld på dørstokken til eit nytt år med kall til sann bot i evangelisk meining. Det første han då vil ha sagt, er at ingen av dine gode gjerningar duger, ingen av dine postkvitteringar gjeld. Han vil endeleg at alt det gode som vert gjort og meire til skal verta gjort. Men det er berre eit offer han bryr seg om og det er hjarta ditt. «Offer for Gud er ei sundbro i sundbrote og knust hjarta vil du, Gud, ikkje forsmå». Salme 51,19.

Her startar det. Det knuste hjarta vil han ha så han kan få bøta det. Men dette er diverre ikkje noko vi vert ferdige med. Kvar dag vil han ha det. Kvar dag vil han reisa deg oppatt. At heile livet skal vera bot, vil først og fremst seia dette å leva i dagleg ofring av vårt knuste hjarta.

Frå barnelærdomen hugsar vi kanskje noko om dagleg anger og bot. Bot vil seia å leva i det som dåpen står for og den vil seia at «det gamle menneske i oss skal druknast i dagleg anger og bot og eit nytt menneske meir og meir stå fram som lever for han i rettferd og reinleik».

Her har du i sanning slagord å stansa opp for og program for eit nytt år. Og får dette skje, vert det nytt år i absolutt meining.

Arbeidet bland shankallane — en åpnet dør

Framhald frå førre nr.

«Vi stoler på dere,»

sier shankallahøvdingen i landsbyen Korka. Han gir dermed uttrykk for den forventning shankallaene stiller til NMS sitt nye arbeid.

Det er høvdinger i shankallalandsbyen Korka som taler:

«Vi har flere ganger hatt besøk av utlendingar som har lovet oss forskjellige saker og ting. Og en del av det de har lovet oss, har vi fått. Men ofte er det mest blitt med løftene. Dere vil at vi skal fortelle hva vi nå trenger mest til av hjelp. Og det er ikke lett å si for vi trenger så meget. Men noe av det vi trenger aller mest er flere skoler og en klinik. I dag har vi ingen mulighet for å nå fram til noen klinik der oppe på høgsletten og enda lengre vei er det til lege. Om våre kvinner, barna våre og våre kamerater blir syke, så kan vi ikke bringe dem til ordentlig sykehushjelp for hjelpen er alt for langt borte. Og det er like ille for husdyrene våre. Når dyra blir syke så er det ikke annet å gjøre enn å slakte dem ned før de dør. Og når barna og kvinnene våre blir syke, har de ikke noe annet å gjøre enn å legge seg ned og vente på døden. La oss få en klinik her nede!

Vi roper nå til dere i Norge om hjelp, men vi vet jo ikke hva dere kommer til å gjøre med dette ropet vårt. Vi kan ikke gjøre noe annet enn å legge alt i deres hender. Vi må stole på dere. Og kommer ikke hjelpen denne gang heller så ligger ansvaret i deres hender. Vi kan ikke gjøre noe fra eller til,» sa høvdingen i Korka.

Landsbylæreren laget innsamling til innkjøp av symaskin.

Den svenske misjonæren Britta Lindberg forteller presssekretær Kåre Pettersen i NMS om friskt initiativ i shankallalandsbyen Sirba.

«Sirba har også fått sin aller første symaskin! Det var skolegutturene der nede fra — og spesielt læreren Rare — som lenge

ivret for at de skulle skaffe byen en symaskin. I flere måneder ble det spart penger og Rare selv la til side meget av sin lærerlønn til symaskinprosjektet. Gang på gang sa han til sine venner og naboen: «Vi må kjøpe en symaskin. Når vi får en slik symaskin så er mange problemer løst. Da skal våi få nye og pene klær alle sammen.» Jeg tror det var en gang i juni måned at Rare kom hit opp til Mendi for å kjøpe symaskinen. Og så bar de symaskinen på muldyrryggjen ned til Sirba og nå er den for lengst på plass og folket i Sirba er meget stolte over nyanskaffelsen. En kar er også blitt spesialutdannet hos en skredder her i Mendi og det er han som sitter ved symaskinbordet i grasshytta der nede hele dagen. For bestillingene er mange. Flere ganger er det kommet folk opp fra Sirba til Mendi for å skaffa tøy og det er ganske mange ruller som er sydd opp allerede. Så nå slipper de å reise opp til Mendi, Nedjo eller Bodji når de skal skaffe seg nye klær,» forteller den svenske misjonæren Britta Lindberg.

«Shankallalandsbyen Sirba har dessuten fått sin første kvinneforening! De lager fantastisk vakre håndarbeider. De lager fine kurvanbider, smykker og denslags. Jeg har sagt at misjonsvennene i Norge sikkert er meget interessert i alle disse fine håndarbeidene til sine basarer og julemessar,» sier Britta Lindberg.

Helsing til mor

Eg drøymer tidt, eg kryp som aldri kjende ei morhand på mi heite pannebrisk
eg drøymer tidt at når eg eingong vaknar
av sisste svevn, då vil eg vakna slik:
Slå augo upp og kjenna varme hender
som strok av sol om mine kalde drag
og høyra milde, milde moderklipper
som kviskrar: Som stå opp no er det dag.

(Ragnvald Våge).

Skattegravaren

Etter Goethes dikt «Der Schatzgräber.»

*Pengelens og tyngd av kvida
dreg eg meg i lange dagar.
Kvilelaust meg armod plagar,
gullet lokkar utan ro.
Slik kan ingen lenge lida.
Gjekk eg so ein skatt å grava.
«Djevel, du mi sjel skal hava,»
skreiv eg med mitt eige blod.*

*Ring om ring med sverd eg rita,
urter, knoklar fann til rette,
dungen snøgt i logar sette,
sluttar med ein galdrelåt.
Gamle segner ville vita
her låg rike skattar gøynde.
Grov eg då so sveitten fløynde.
Natti var so myrk og våt.*

*Brått eg såg kor skylag rivna.
Ljos steig fram frå rømder fjerne
lik ei mektig, nyskapt stjerne,
just då midnattstimen slo.
Hjarta stana, blodet stivna.
Natti atter fekk ei flengje
då ein unggut med ei kjenge
full av vin imot meg trod.*

*Milde augo såg eg kikka
under tette blomekransen.
I den sterke himmelglansen
steig han so meg meire nær.
Venleg baud han meg å drikka.
«Gyllen, edel vin,» eg tenkte,
«guten meg so gjestmildt skjenkte.
Han visst ingen djevel er.»*

*«Drikk deg mod til reinsam livnad!
Då du skjønar denne læra:
Aldri tolldomskunst kan vera
snarveg fram dit lukka gror,
eller gje deg fred og trivnad.*

**Kyrkja si hjelp mot naud
i verdi**

Det var i 1947 kyrkja starta opp med aksjonen sin mot folk som er naudstadde i vår verd. För det första var det som ei hjelp för römingar och heimlause. Seinare vart hjelpsi vida ut till å femna om heile verdi. Ho gjev materiell och åndeleg hjelp til flyktingar, emigrantar, katastroferåka og andre i inn- og utland utan omsyn til rase, nasjonalitet, politisk meinung og tru. Samarbeider mykje med kyrkjer i andre land og med god kontakt med norske misjonslag. Mest kjend har arbeidet vorte som dei dreiv i Biafra og Nigeria. Hundradusen menneske har vorte bærga gjennom luftbruva dei skipa. Men stendigt vert det bruk for hjelp når turke, flaum, jordskjelv eller politiske omveltingar kastar store menneskemengder ut i naud og ulukka.

Andre tiltak som på lengre sikt kan vera endå meir verdfulle, er å kunna gi hjelp til sjølvhjelp. Tiltak for busetjing, yrkesrettleiding, med fagleg stønad og tilskot, i samarbeid med Den lutherske Verdssamskipnaden. Dei driv og eige jordbrukstiltak i Abakaliki i austre Nigeria. Folk får då nyttja jordi betre ut med gode dyrkingsmåtar. Administrasjonen er lagd opp slik at pengane skal koma dit dei skal. Form. i styret er pastor C. Bonnevie-Svendsen og sekretæren er pastor Elias Berge.

Fastetid er i våre kyrkje tenkt å vera ei fasta for brørne våre i verdi. Du skal få lov å vera med i dette mykje naudsynlege arbeid. I fasta har me i Arna kyrkja offer til dette arbeidet. Og høve elles kan du og finna ut.

— Dag til arbeid, kveld til gjestar,
sure veker, glade festar —
vere no ditt trylleord.»

Eirik Skjerve.

**Hyggeleg fest for dei eldre
i Arna**

24 dagar var farne av det nye året då Arna kommune baud saman til fest for alle eldre i Arna. På Arna realskue. Fullsett sal var det. Ordiføraren, sosialnemndi skipa til. Johannes Hesjedal ynskte velkommen, ordiføraren fortalte om kommunen vår, om folkevoksteren i Arna som truleg var rekord, om økonomiske problem, om byggingsprosjekt, samanslutningsproblem, om pleieheimen i Arna som skal setjast i gong. Ola Mykkeltveit syntte film for lyden, Gudrun Tunes hadde prolog, Olai Unneland, dikt, Olav Sture og kona song med sonen Jan Bjørnar ved pianoet. Tunes og Haukeland koret song mykje fint under Jakob Netteland si dirigering, og skulestyrar Garlid tala om: Brubygging.

Me har fastlandsfolk og øyfolk. Det spørst etter bru. Før var det båten å lita på. Yver gjel la dei stokkar, steinbogebru la dei for å koma fram og få kontakt med einannan.

Men helst var det bruene millom folk åndeleg tala han tala mest om. För folk idag er mykje framande for einannan. Dei talar lite med einannan. Han nemnde Bård og Anders. Brørne var komne frå einannan og ulukkelege var dei bæ. Då laut Bård tilsisst byggja si bru og gjesta bror sin. Dei fekk samfunnet att. Så Anders kunne segja: No er eg fullkommen frisk. Men den natti døydde Anders.

Brubygging i skulen nemnde han og. Me gløymar ikkje så snart den svenske guten som alle lærarane ville senda på serskule. Lærarinna ville då prøva endå ei tid, men tilsisst laut ho hefta han ein dag for å fortelja guten kva dei hadde bestemt. Ho la den mjuke handi si på hovudet hans og tårene hennar draup ned i håret hans.

«Jag skal vara snäll», ropa guten. Og guten vart bærga. Lærarinna bygde bru yver ein avgrunn. Garlid kunne fortelja det var mange slike gutar og jenter i skulane idag.

Og nasjonane imillom. Kven kan byggja bruer der?

Me får prøva gjera det så godt me kan kvar på sin vesle plass.

Nemnast skal og fin opplesing av dikt ved fru Arnold og gudsordslesing ved soknepresten.

Uteleggjring av Herrens bøn

Fylgjande stykke er henta frå Gamal Norsk Homiliebok, som er det største og eldste handskrift me eig i Noreg, og gjeng umlag 850 år attende, då den romersk katolske læra rådde i landet. Interessant er der å merka seg forkyningi som var nyttå då, og like eins målbunaden til fedrane våre for so lang tid attende. — Eigentleg var misjonstidi i Noreg ikkje tilende då dette skriftet kom til.

H. Hope.

Me syng: Pater noster qui es i caelis. Det tyder på vår tunga: Fader vår du som er i himlane. For Gud Fader bur i himmelen. Men han eg og nær kvar helst nokon kallar på honom. Som han sjølv sagde: Himlar og jord er fulle av meg.

Den Heilage Skrifti vitnar at himlane er Krist strålande sol, og jordi er fotskammelen hans. — Me vender oss mot aust når me bed. Det er fordi at der stend alle himmelljosi upp, men ikkje for di at Gud er meir i aust enn i vest. — Du kan ingen veg venda deg, som ikkje Guds miskunn er fyre deg. Men når me snur oss mot aust og bed um velsigning, då skal me renna hugen vår til Gud som sit i himmelen. For vår Drottin Krist vil vera med dei rettvise og vara deim vel. — Og den gode er Guds

tempel, men den vonde er ei djevels makt.

Sju bøner er det i Fader-vår. Men desse fyrste ordi her er ikkje noko bøn. Det er ei lovprising til vår Drottin som er i himmelen.

Sanctificetur nomen tuum. Det er: Namnet ditt verte helga! Desse ordi må me ikkje beda slik, gode brør, som um ikkje Kristi namn skulde vera fullheilagt, um ikkje me bed um det. Hans namn hev støtt vore heilagt, og skal æveleg vera heilagt. Men me skal beda um at hans namn må vera heilagt yver oss, og at han må senda oss si miskunn, so at me kan nemna og heidra med vår munn hans heilage namn. Og me skal beda um at han vil gjeva oss visdom til å vita for sant, at ikkje noko namn er so heilagt som hans, og som han sjølv.

Dette er den andre bøni: Adveniat regnum tuum. Det er: Til kome ditt rike! Her skal me beda um at hans rike må vera yver oss, og at han må føra oss soleis, at me kan koma til det riket som Krist hev lova alle deim som tek vere på hans bodord. Det er himmeriket og det ævelege livet. — Som han sjølv segjer på domedag: til alle deim som hev halde bordordi hans vel og stend på høgre sida hans: Kom no, de velsigna til min Faders rike, det som var laga til å dykk før denne verdi var. — Dette riket hev Krist lova oss, dersom me liver for det her med gode gjerningar og retttru, so som den Heilage Skrifti segjer. Og dette riket skal han gjeva i hendene på Faderen når enden på verdi kjem. Der skal alle dei heilage vera, både karar og konor, som han kjøpte frå verdi med sitt heilage blod. — Alle dei er Guds rike. Og dei skal vera hjå Gud i den fagnad som det ikkje vert ende på, med ånd og likam, og dei skal vera like englane.

Framhald neste nr.

Kyrkjeloge handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 18.1. Frode, foreldre: Asbjørn Kjellfred Antonsen og Magnhild Lilly f. Heggernes.
- 25.1. Sissel, for.: Ingvar Eide og Sigrun Margrete f. Roseth.
- 25.1. Tone Merete, for.: Bjarne Kleivane og Oddny f. Dyrhovden.
- 1.2. Kari Ann, for.: Jostein Minde og Grethe f. Gjerde.
- 1.2. Tone, for.: Odd Arnold Listøl og Annlaug f. Thomassen.
- 1.2. Hege, for.: Helge Roar Nilsen og Marie Johanne f. Eikeset.
- 1.2. Ørjan, for.: Svein Mjelde og Turid Karin f. Garvik.
- 1.2. Frode, for.: Knut Hetlebakke og Martha f. Auversen.
- 8.2. Linn Beate, for.: Osvald Reigstad og Inger Johanne f. Gustavsen.
- 8.2. Camilla, for.: Hans Thorvald Jensen og Ingeborg f. Aasgaard.
- 8.2. Ola, for.: Arne Arild Akselberg og Aud f. Hansen.
- 8.2. Anne Marit, for.: Arvid Midtun og Borghild f. Litun.
- 8.2. Marit, for.: Rolv Hagebø og Margrethe f. Østensen.
- 14.2. Knut, for.: Knut Hesjedal og Astrid f. Øvretveit.
- 14.2. Per Anders, for.: Arne Øvretveit og Kristin Margrete f. Hesjedal.
- 21.2. Per Arne, for.: Johannes Severin Blindheim og Torill Marianne f. Nesse.
- 21.2. Helge, for.: Arthur Åsheim og Magnhild f. Gjerstad.
- 21.2. Grethe, for.: Steinar Hornes og Anne Kristine f. Solvang.
- 21.2. Bjørn Øystein Nævdal og Elinor Amundsen.

VIGDE:

AVLIDNE:

- 24.1. fabr.arb. h.v., ugift Antonie Hitland f. 1886.
- 3.2. gbr. h.v. enkjemann Knut Johannesson Skulstad f. 1880.
- 5.2. gift elektrikar Sigurd Liland f. 1898.
- 14.2. anlegesarb.kone Berta Kristina Svenheim f. 1902.

DØYPTE, YTRE ARNA:

- 18.1. Odd Einar, foreldre.: ing. Olav E. Kolltveit og Brita f. Augestad, Strandebarm.
- 7.2. Katrin, for.: sjäfør Kjell Arthur Olsen og Kari f. Haugland, i Asane.
- 15.2. Trine, for.: Gunnar Landhaug og Mildrid f. Helland, i Manger.

EKTEVIGDE:

- 23.1. ing. Magne Andreas Pettersen og pleiehjelp Britt Helene Johansen.
- 24.1. stasj.betj. Theodor Øijord og febr.-arb. Hildur Eikelid.
- 24.1. snikkar Tor Atle Brustein og butikkjente Vigdis Hansen.

AVLIDNE:

- 31.12. bakar Oskar August Boge, f. 1909.
- 1.1. husmor Elisa Wik, f. 1893.
- 9.1. husmor Borghild Marie Håland f. 1907
- 15.1. husmor Ågot Mikkelsen, f. 1900.
- 7.2. tidl. kontorist Sesilie Revheim f. 1893
- 8.2. tidl. murer Anton Mikkelsen, f. 1896.

Gud vare våre landsmenn på havet og i framande land

Ein 1. styrmann N.N. skriv heim frå New York soleis: Men fyrt lyst eg klara for dykk kva «N.N.» tyder. For det er latin og tyder: Namnet veit eg ikkje. Og står for: Nomen nescio. Korta inn til: N.N.

Styrmannen kom til kai med båten sin først ved nitidi um kvelden 20/12. Han kom difor heller seint til festen dei hadde i sjømannskyrkja. Men fekk då vera med ei liti stund. Då folket drog sin veg, gjekk han

til skranken og spurde etter presten. For han ville så gjerne få gå til altars. Og det let seg ordna. Aleine var han og natt var det. Det vart ei heilag stund for dei båe. Og lenge vart det til dei nådde ny hamn. Han kjende det på seg at han måtte gå til nattverd, skriv mannen N.N. i «Bud og Hilsen».

«Treffen»

«Treffen» er no delt i to, Treffen 1 for ungdom frå konfirmasjonsalderen og Treffen II, berre for ungdom yver konfirmasjonsalderen. Ein har fått i gong fotogruppe, dramatikkgruppe og musikkgruppe. Desse møtest i tida som er avsett til spel på Treffen 1.-kveldane. Av nær føresätande program:

- 6/3.: Du skal ikkje slå ihel (II).
- 11/3.: Mitt yrke. Journalist vitjar oss (1).
- 20/3.: Påskeferie — eller noko meir? (II).
- 25.-30. mars: Påskeleir på Ungdomsheimen.

Til skipingane er opne berre for medlemmer, (medlemskort: kr. 3,50).

Dersom Arna var heile verdi

Det bur om lag 3,2 milliardar menneske på jordi. Talet er uskynlegt høgt. Lettare vert det å fata når me tek eit lite tankeeksperiment.

Me let Arna med sine snart 12.000 menneske representera heile verdi. Korleis ser då denne vesle verdi ut? Me let tali gjeva biletet.

4848 menneske ville ha same hudfarge som me. 8364 ville vera av ein annan lit. Millom dei vaksne grannane våre ville 3600 vera ukunnige i lesing. Meir enn halve flokken. 2400 av oss ville sjå det som ein sjølvagsdting at 80 % av varene i butikkane var etla til oss, medan 9600 av grannane våre ville vera undernærde eller feilnærde. Kvar månad ville det i Arna vera 18 menneske som døydde av svolt.

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passer best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

J. BERSTAD**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

I min forretning

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
Indre Arna

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER****Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

*Vakre biomar frå***Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —
Espeland — Lonevåg

Festmøte

i Korskyrkja, Bergen 3/3 kl. 19.30. «Bibel-Møte» v/ biskop Per Juvikam, domprost Hans Høivik, pastor Johannes Valle. Sandviken menighetskorp vert med, organist Håkon Hammer likeeins.

Same dag kl 18.30 vert det årsmøte i Bibelskapet sin Stiftskomite. Alle bibelvenner er velkomne for å høyra om: Kan me stole på bibelen. Offer til Bibelmisjonen.

Preikelista**Midtfastesundag 8 mars:**

Indre Arna: Soknepresten og Gustav Andersen
Trengereid: Res. kap.

Maria bodskapsdag 15. mars:

Arna: Res. kap.

Ytre Arna: Soknepresten.

Palmesundag:

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Førretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —